

Pressemelding

Bibliotekprisen for Møre og Romsdal 2018

Norsk bibliotekforening avdeling Møre og Romsdal delte 5. september ut Bibliotekprisen for Møre og Romsdal 2018 under sitt årsmøte. Vinnaren vart Bjørg Moltu, biblioteksjef i Stordal kommune.

Bibliotekprisen er ein prestisjefull pris som vert delt ut annakvart år til ein person, institusjon eller organisasjon som har utvikla, synleggjort eller på anna måte fremja biblioteka og arbeidet deira i fylket på ein spesielt god måte. Resultat, aktivitetar, nytenking og synleggjering vert spesielt vektlagt. Prisen er i år eit kunstverk til ein verdi av kr. 4000,—

Vinnaren sjølv kunne ikkje vere til stades under utdelinga, men vart tydeleg rørt og nærast stum då ho fekk vite at prisen gjekk til ho. I grunngjevinga for utdelinga la avtroppande leiar Torgeir Brun vekt på at vinnar Bjørg Moltu i lang tid har vore eit døme til etterfylgning i bibliotekverda på kva ein kan få til med nytenking, samarbeid og relativt små midlar. Ho er tydeleg engasjert i arbeidet sitt, for formidling, kommunen sin og for at folk skal trivast og ha det bra der dei bur.

Fleire av prosjekta Bjørg har gjennomført dei siste åra vart trekt fram under utdelinga. Mellom anna har Bjørg ofte kledd seg ut i høve temafestar, karneval og formidling. Eit godt døme er «Stubbedikt», som var ein del av prosjektet «Biblioteket i farta», der folk i bygda fekk vere med på fjellturar samstundes som dei fekk dikt på vegen, gjerne medan ein sat på ein stubbe. Her vart det henta inn diktlesarar frå andre stader, ofte folk som ikkje var frå bygda. Prosjektet var eit samarbeid mellom Mental Helse, Nasjonalbiblioteket og Møre og Romsdal fylkesbibliotek.

Bjørg Moltu har dessutan vore med å ordna til ei fleirbruksmøbel til bruk i bibliotek, i samarbeid med andre i kultursektoren i kommunen, der mannen hennar var med som teiknar. Ho er heller ikkje redd for å uttrykke meiningane sine. Både som politkar og biblioteksjef har ho gått inn i oppelda debattar om den føreståande kommunesamanslåinga, og er soleis ei inspirasjonskjelde for dei mange biblioteka som fryktar desse usikre tidene der ein plutselig kan forsvinne i dragsuget.

Med andre ord er det eit kreativt, engasjert, førebiletleg, inspirerande og omsorgsfullt menneske som får Bibliotekprisen i år. Det er på grunn av eldsjeler som Bjørg at vi framleis har levande bygder her i landet, som gjer at folk vil bygge og bu, og aller mest; at dei vil bli. Gratulerer, Bjørg!